



UTGJEVE AV JØLSTER

- MÅLLAG -

1990 - 7 - ÅRG.

Jølster



# JØLSTER MÅLLAG

## Styret 1990

Ingrid Søyland Hope, leiar  
Kåre Lien, nestleiar  
Anny Flatjord, kasserar  
Jarle Helgheim, skrivar  
Inger Marie Hjellbrekke, styremedl.  
Elsa Ø. Eikås, varamedl.

Du er hjarteg velkomen til å bli medlem i mållaget!

Adressa er:  
Jølster Mållag  
Anny Flatjord  
6852 KLAKEGG

Bankgiro 3703.20.14470

Medlemskontingent for 1991 er 160,- kroner.  
Familiemedlmer 105,- kroner.

## Bokdagen

Laurdag 3. november var ein haustdag av dei sjeldne her ikring. Ingen haustwind ruska i trea, ingen regnskyer samla seg over jølstrabygda. Sola skein, dagen var fager. Kunne dette truge tilstrøyminga av bygdefolk til bokdagen vår? Vi var nok litt tvilrådige i styret, men då tida var der, syntet det seg at jølstringane var trufaste i år òg. Rundt 70 menneske i alle aldrar møtte opp og høyrd eit interessant og artig kåseri av Ottar Wiik — krydra med sjølvlagda viser.

Dei unge felespelarane frå Indre Sunnfjord Spelemannslag, Smågodt, spela og dansa friskt og feiande, og frå Eikås 4H stilte unge skodespelarar med sketsj om han Oluf og Lars. Anny Flatjord las dikt, vakkert og levande, som alltid. Kjellaug og Kåre Lien spelte så fint til allsongane, og sist, men ikkje minst: Huus Libris stilte med eit uvanleg stort tal nynorske bøker. Dei er så fargerike og ser så innbydande ut at ein får lyst til å handle med seg det meste! Flotte julegåver!

Elles hadde vi ein lang og god matpause med koseleg prat. Det er ikkje så ofte grannar treffest i vår oppjaga tid, så slike samkomer trengst.

Vi i styret takkar alle hjarteg for god hjelp, både aktørar, «kjøkkenfolk», — og dykk som møtte opp og hjalp oss å få til ein hyggeleg ettermiddag.

## Innhald:

	Side
Lokketonar frå Jølster .....	4
Årets kunstnar i Jølst .....	5
Ludvig Eikaas i samtale med Sigmund Eikås .....	6
Stolsdrift i Befringsdalen .....	8
Dikt av Anne Kirsti Solheimsnes .....	13
Intervju med professor, dr. philos Edvard Befring .....	14
Gamle ord i jølstramålet .....	17
Dikt av Helga Fluge .....	19
Jølstringen sitt forhold til det skrivne ord .....	20
Difor vil eg gi mi stemme til Frp .....	22
Barneside .....	23



Ludvig Eikaas.

SELVPORTRETT MED HARDINGFELE 1977

# Lokketonar frå Jølster

Av Anna Østenstad 1989

Er du deprimert og sår  
tykkjer alt i mot deg går - ?  
Trøytt av sut og arbeidspress  
Kjennest kroppen full av stress - ?  
Føler du deg, praktisk talt,  
likehendt med eitt og alt?  
Kom til Jølster! Her er staden;  
her du kan få retta skaden.  
Her er frisk og fin natur,  
alt går betre enn du trur.  
Her du finn på vintertida  
slalåmrenn i Øygardslia,  
vil du helst på skia larka  
finn du fram til Flugemarka,  
vil du sitje pal på enden,  
finn hotellet på Vassenden.

Men alt har eit betre lag  
om du kjem her sumarsdag.  
Sikkert finn du eitt som passar  
på dei mange camping-plassar.  
Her er hytte, hus og seng  
og butikk, med alt du treng.  
Kom bli med, vi tek ein sving,  
eg skal vise deg omkring,  
visa bygda, men ver snar  
sidan nemne sumt vi har.  
Museum ja, ikkje fare med det  
vi har både eitt og to og tre;  
«Jølstratun», «Astruptun», «Midttun» med meir  
og endå skal her visst verte fleir.  
--- Kom, turen vår byrjar i Gjesdal grend,  
her står «Heimyrkjeskulen» som vart så kjend,  
på båe sider vatnet er brukbar veg,  
no uppetter Sørsida vi dreg.  
Visste du elles at Dvergsdals-dalen fins' -  
der er prerieland, ein heil skulekrins.  
Sjå Kjøsnesbrua er noko for seg,  
der nyttar dei skaera og bygde seg veg,  
tvers gjennom Jølstravatnet dei kom,  
Sørsida fekk vegval og olbogerom.  
So kjem Kjøsnesstranda med geiteflokk  
der skredene går over stein og stokk.  
Men tunnel under breen er det raraste av alt  
ja der kan du tru der er kjøligt og kaldt.  
Tykkjer det heile mest har eit preg  
av han som farta med sjumilsteg.  
For vita du skal i di køyre-gogn -  
du smett inn i Sunnfjord, men kjem ut i Sogn.  
Attende vi må i ei anna lei

og no skal vi sjå kva dei styre med på Skei.  
Ja no kan Indrebygdaren smile blid  
han vert vakta og verna av HV ti  
Der vert vel ei trasking på kryss og på tvers  
eksisering og skyting, - - og gjentekommers.  
Nei no vil vi gå oss til Stardal ein tur  
der er glattkøyringbane og fossebur.  
Allting derinne er stort og godt  
- eit miniaustland dei der har fått.  
Gard etter gard i det flate lende, - -  
Innst inne ligg Fonn, der er verdens ende.  
Attende til Skei lyt nok turen gå  
for der er det mangt og mykje å sjå.  
Eit digert hotell som tek hand om turistar  
for ikkje å snakke om oss pensjonistar.  
Ein hyggeleg ting kan eg og deg love  
det er her vi har «Audhild Vikens stove».  
Til Jølstra-Førde vi dreg snelides  
den grenda ligg verkeleg litt avsides.  
På nordsida vatnet vi fortgang gjer  
det er nå som oftast der vi fær.  
Så er turen gjord, så er saka klar  
eg skal fortelje om sumt vi har:  
Vi har velstelte gardar, og fine hus  
blåkvite brear og elvesus.  
Jølstravatnet med finfin fisk  
ei vare som kjem på kvar kjøkkendisk.  
Vi har helgedagsmorgen, med klokkeklemmt,  
der kyrkjefolk samlast, til andakt stemt.  
I Aalhus kyrkje med vyrdnad træ  
«der fedrne ydmykt har bøyet knæ».  
Og Helgheim kyrkje oss tek i famn  
ljos - romsleg, svarar ho til sitt namn.  
Vi har minising, Tensing, sangkor og band  
og misjonsforening i kvar ei grend.  
Vi har kunstnarar, mange,  
som kan sitt fag.  
Vi har leikar-ring  
vi har spelemannslag.  
Vi har bunadkledd ungdom i dansen kåt  
vi har Jølstraspringar og felelåt.  
Vi har sogeneskrivar  
med bok og penn.  
Komponistar, poetar og meisterspelemenn.


Vart du trøytt, ja truleg vi for fort,  
då skal eg segje kva eg ville gjort;  
fått meg rom, vore med på Skei Hotell  
når pensjonistlaget har hyggekveld.

Årets kunstnar i Jølst:

# LUDVIG EIKAAS

Ludvig Eikaas er professor ved Kunstakademiet og ein av Noregs fremste nolevande kunstnarar. Han fyller 70 år den 20. desember. Jølster Mållag tykte det kunne hove å markere dette, og tok oss den fridomen å be han ta seg av den kunstnarlege delen av JØLST 1990. Det var ei stor glede for oss at han sa ja til dette, og gleda deler nok andre lesarar med oss. Vi har også eit intervju med han lenger ute i bladet, så her nøyser vi oss med eit ferskt bilet av kunstnaren, teke frå det nyleg utkomne festskriftet «Portrett av Ludvig Eikaas».

Den 5. januar 1991, skal Eikås Ungdomslag skipe til fest for Ludvig Eikaas i høve 70-årsdagen hans. Festen vert i Eikås Ungdomshus, med rikhaldig program, mat og dans. Ungdomslaget reknar med at mange gjerne vil vere med og gjere ære på ein sambygding, så det vert førehandssal av billettar. Eikås Ungdomslag ønskjer bygdefolket hjarteleg velkommen til fest! Det vert også ei kunstutstilling på heimyrkeskulen som opnar 5. januar og vert open i to veker.



*Ludvig Eikaas 1990. Foto: Inger Tragethon*

# Ludvig Eikaas i samtale

—Kva inspirerte deg til å måle og teikne då du var liten?

—Far hadde ei smie, også brukt som eldhus, nedvaksa av brennesler. Huset hadde tent som arrest i lensmann Landmark si tid. I nærleiken stod ein mystisk, djup og farleg brunn. Desse tinga tala til meg. Eg brukte kol frå smia til å teikne med, og dekorerte huset med teikningar. I barneskulen fekk vi blyant og papir — det vart snart kjent at eg ikkje gjorde anna enn å «rable».

—Ja, eg høyrde ein som sa at du kunne omtrent ikkje gå forbi eit bordtak utan at du var bortpå og teikna?

—Det stemmer. Vi måtte tidleg vere med i arbeidet på garden og på sagbruket. Rognald Eikås dreiv saga — han kalla seg også for sagførar! Han var dessutan politikar, kommunist og ein stor forteljar. — Det var mange typar i arbeid nede ved saga, og eg teikna dei. Eg nytta tømmerblyanten, og teikna på fjolene som var kappa

## Vearbeid



# med Sigmund Eikås

av for å merke sildekassar. Eg teikna til dømes ein dei kalla Nilstunen. Han hadde vore til Amerika, hadde bestemt nase og banna på amerikansk. — Han fekk sjå teikninga, kom med eit byks og heiv fjøla på elva!

Etter kvart fekk eg tak i meir avansert teikneutstyr hos bokhandlar Huus i Førde. Eg fekk lommepengar av fiskekassespikring og kjøpte papir, fargar og tusjflasker, som var billegast. Eg fekk det ikkje til som eg ville, var

fortvila og klinte utover alle moglege ting. Eg prøvde å måle eit led inne i skogen, sat ein heil dag og klinte, det vart heilt håplaust. Ute i måneskinet øvde eg på å teikne skuggar. Eg brukte all mi fritid på å teikne og lage treskulpturar. Eg skar med kniv (eg har arr over alt!) og måla med skosverte!

Øyna i elva har eg måla ofte — der var eit eldorado av mystikk, mange kvernhus, steinar vi sprang på, vi datt

*Det fremmede miljøet  
på tegneskolen*



i elva og sat i ein svær dam på golvet i skulestova.

På Øyna budde den andre kommunisten i Jølster, Bendik Kvammen. Han var skomakar og sydde skor til heile grenda. Han abonnerde på eit kommunistisk blad, Arbeidermagasinet. Eg fekk lov til å liggje på loftet og lese desse blada, sjå på teikningane og prøve å kopiere. Eg teikna også skomakaren og alle moglege folk i omkrinsen.

Så lånte eg bøker, prøvde å lese Ibsen, men forstod ingenting. Eg såg i bøker med Sinding sine teikningar — tenk om eg kunne teikne som han!

Skomakaren kjende alle bøkene i boksamlinga, han fekk meg til å lese Dostojevski. Der var det ikkje bilete, men ORD. Den dag i dag les eg berre Dostojevski, Sandemose og Hamsun.

Eg har vore heldig som har møtt slike store personlegdomar som Bendik Kvammen og lærar Hjelmbrekke. Sistnemnde var ein stor forteljar. Han oppdaga fort korleis eg fabulerte, og tok omsyn til meg. Eg følgde därleg med på skulen når det var vanskelege ting, mykje interesserte meg ikkje i det heile. Hjelmbrekke var ein klok mann med psykologisk innsikt. Han hadde fantasi og lærde meg mykje. Han poengterte at vi kunne bli det vi ville, men vi måtte lære, skulle vi kome nokon veg. Han vart forresten hengd ut i Dagbladet fordi han tok initiativ til å få 100 kr. seddelen trykt på nynorsk!

Den andre folkeskulelæraren min, Rognebakke, var ein mann det stod respekt av. Han meinte eg var gåverik (eg hadde så høg panne!), og at eg ikkje ville lære noko. Han tok meg i håret og løfta meg høgt opp! Eg sat att stadig vekk, og hata etter kvart skulen.

—Då du var ferdig med sju års folkeskule, kva gjorde du då? Reiste du ut?

—Ja, eg ville ut. Det vart vegarbeid først, det skulle byggjast veg til Bergen frå Ytre Arna. Eg var yngstemann og skulle halde i mineboret når dei andre slo. Eg teikna desse arbeidarane, flotte typar. Eg tente pengar, var i Bergen, drakk meg full for første gong, var rik! Eg kjøpte blådress, raud skjorte, grøn hatt — og reiste på Vassenden på fest!

Så kom eg inn på ein yrkesskule i Bergen, der eg lærde å måle bokstavar og bli skiltmålar. Rektor der meinte eg teikna så godt at eg burde bli kunstmålar. Eg visste sjølv at eg ville bli kunstnar. Eg ville til Oslo, teikna masse, sende alt til Oslo — og kom inn på Kunst- og Handverksskulen. Midt under krigen. Då eg skulle pakke, fann eg ein koffert eg hadde slengt frå meg på loftet. Der fann eg to uopna lønningsposar med pengar! Eg reiste til Oslo for dei pengane. Der køyrdet eg feil på trikken, måtte gå eit langt stykke med alt eg hadde å dra på, men sleit meg fram til skulen og inn. Ein kvithåra vaktmeister baude meg havregraut og mjølk, snakka om skulen og hjalp meg til å finne ein stad å bu.

På skulen traff eg oslofolk først, ingen vestlendingar. Ei flott dame frå Frogner hadde sydd lappar på kleda for

å sjå ut som ein kunstnar. Ho såg på dressen min som var fliete i kanten nede, og trudde eg var ein driven kunstsnobb som skulle lage ein ny stil. Ho spurde kor eg kom frå, og eg svara at eg kom vestfrå — frå Smedstadkanten....

Etter ei veke på skulen fekk eg sjansen til å prøve meg på grafikk. Vanlegvis måtte ein gå to år før ein kom inn i ein grafikklass. Eg lærde å trykkje, og fann ut at dette var moro. Det første grafikktrykket mitt har eg framleis. Eg kom i kontakt med den illegale pressa. Der skulle eg måle bokstavar, sidan eg var skiltmålar. Det gjorde eg, og fekk gratis matbillettar for eit heilt år på St. Hallvards spisested!

—Då du studerte i Oslo — korleis var det å greie seg økonomisk — livsopphald, til dømes?

—Ja, eg har aldri hatt ein «skikkeleg jobb» før eg vart professor i 1970. Eg har hatt utruleg flaks. Eg selde bilete medan eg studerte. Ei vaskekone på skulen hadde hørt så mykje om vestlendingane, og bad meg måle eit bilet til henne. Det gjorde eg — og ho kjøpte biletet av meg. Det er berre eitt av mange døme på at eg fekk selt arbeida mine. Eg vart også teken ut til store utstillingar i inn- og utland.

Svolte har eg, rett nok. Vore utan bustad, uteliggjar i lengre periodar. Eg bygde atelier på eit loft, det var kaldt, eg heldt på å fryse i hel. — Eg har hatt mykje pengar mellom hendene, men brukte dei.

—Heime — korleis reagerte folk på biletene dine der — dei tidlege biletene?

—Eg hadde utstilling i Førde, ho vart også vist på Åhus og Skei. Nokre tykte det var forferdelege prisar på biletene. Ein som hadde vore på tømmerhogst heile vinteren, t.d., var heilt sjokkert: — «Sjå på dei prisane!» Ei dame i Førde var oppteken av den forferdelege utstillinga mi, men hadde ikkje sett ho sjølv. Anders Viken møtte opp på Skei, og likte det han såg. Far din, Anders Eikås, var den første som tinga eit måleri frå meg. Fleire andre var også interesserte.

—Kva tid byrja du å spele fele?

—Eg fekk hadingfele som 6-åring, og var verdas kryaste gut då eg kom heim frå slekta mi i Svidalen med ho. Seinare fekk eg Peder O. Årset til å laga meg vanleg fele, då den feletypen passa meg betre.

—Til slutt nokre ord om kunst generelt. Kva er kunst?

—Det finst ingen fasit for korleis ting skal gjerast. Ein må ha augo opne, byrje å sjå. Viktig er det å skjerpe minnet. Bilete har med minne å gjere, med kontrastar. Det å leite fram ei stemning har med minne å gjere. Å utvikle seg sjølv er å utfordre seg sjølv i umogelege situasjonar.

Her forlet vi Ludvig Eikaas og Sigmund Eikås, og takkar begge for tankar og minne vi har fått ta del i.

Ingrid Søyland Hope

# Stølsdrift i Befringsdalen

Særroppgåve ved Arna Gymnas 1978–79

av Sølvi Befring Straume

Litt omarbeidt for «Jølst» av Bjarne Befring

*Heilt frå den tida då eg var ei lita jente har eg hørt mor og far fortelje om den gongen det vart drive stølsdrift i Befringsdalen. Som lita jente, var det naturleg nok forteljingane om dyra som interesserte meg mest, medan eg etter kvart som eg vart eldre, vart meir og meir interessert i sjølvre stølsdrifta og gjerne ville vite meir om den. Dei mange turane mine i det området det her er snakk om, har nok også vore med på å vekkje mi interesse for det som hende før. Dessutan vert det jo særer interessant når eg veit at dette er noko som slektsfolket mitt har drive med gjennom fleire mannsaldrar.*

## Befringsdalen

Befrings-støylen ligg på 630 m.o.h. og var med sine 9 fjøs og 7 sel, den største av dei 3 støylane som er å finne i Befringsdalen. Sjølve dalen ligg i inste Sunnfjord, nærmere bestemt i Jølster kommune, og har Jostedalsbreen som «næraste nabo». Støylen ligg på aust-sida av Befringselva - på vestsida kjem ein først til Flatjordstøylen der fire bruk på Flatjord og Lyngstad hadde stølsdrift. Eit par hundre meter lenger borte ligg Grepstadstøylen der det også var fire stølbruks.



Befrings-støylen - Jostedalsbreen og Bjørgja i bakgrunnen.  
Foto: Bjarne Befring, 1978.

## Litt historikk

Det har truleg i ei eller anna form, vore drive stølsdrift i Befringsdalen i hundrevis av år. Såleis hadde bøndene på Befring ein gong i tida to støylar i Befringsdalen. Den nedste, no kalla Gamlestøylen brukte ein den første delen av sommaren, - her hadde ein fjøs og stølsvier, men ikkje sel til å overnatte i. Når kyrne så hadde beita lenge nok på Gamlestøylen opna ein grinda til stølgarden, og flytte buskapen til Nye-støylen. Utpå hausten bar det så attende til Gamlestøylen før ein flytta heim. Seinare vart Gamlestøylen nedlagt - det er my-

kje som tyder på at dette skjedde i 1896. Berre murestane av støylfjøsane og steingardane syner no.

## Stølshusa

Å finne fram til kva tid stølsdrifta i Befringsdalen tok til, har ikkje vore mogeleg. Berre dette kan tyde på at stølane i Befringsdalen er svært gamle. Truleg mangfoldige hundreår. I Soga om Jølst skriv Joleik at der var stølsdrift før 1723, og truleg lenge før den tid og. Dei eldste husa ber og preg av å vere svært gamle.



Grepstad-støylen med Flatjord-støylen i bakgrunnen.  
Foto: Bjarne Befring, 1978.

Alle husa hadde torvtak. Fjøsbygningane hadde inngangsdør i eine gavlen og ei luke for utkast av gjødsel i den andre enden. I midten var ei steindekka renne for oppsamling av naturgjødselen. Langs ytterveggane var bandfeste. Her var ikkje avdelte båsar, men i kroken bak inngangsdøra hadde somme avdeleit ein liten kalvestekke - i andre kroken var gjerne veden plassert. Dei fleste fjøsbygningane hadde og ein hjell over fjøset til å ha høyet frå stølsvia på. Berre eit par stykke hadde små løer til høyet på stølsvia. Fjøsa var kledd med ein utvendig ståande kledning, og var ofte plassert inn på stølsvia for å lette transporten av naturgjødselen.

Dei eldste stølssela var delt i to - utselet og innselet. Innselet hadde liggjande tømmer både i langveggene og i gavlen - i eine gavlen var eit lite vindu, som regel med 4 ruter. I andre gavlen var ei låg dør. I kroken her var plassert ein vedomn med eit par kokerom. Ellers var møbleringa, bord, seng og eit par tre stolar og krakkvar. På veggane var pynta med biletet, og over bordet hang ei parafinlampe.

I utselet var der plass for ein liten kjøkendisk og hyller til dekkety. Her var veggane ofte av berre bordkledning.

Og medan innselet hadde tregolv, var det gjerne Stein, -og jordgolv i utselet.

Før krigen tok ein del til å byggje nye og romslegare sel. I plassen for seng, vart det laga koyer som kunne slåast ned om dagen og som såleis kunne fungere som sofa. Utselet vart og større, og her vart òg råd til overnatting. Husa vart òg tettare og kunne brukast som hytte utanom stølstida.

Kring 1935 kjøpte dessutan ein del ungdomar ei gammal sperrestove, frakta henne opp på støylen og bygde henne opp som hytte med liggeplass til 8—10 menneske. Sperrestova skal vere 450 år gammal, og er dermed kanskje eit av dei eldste husa i Jølster idag. Den har ein gong i tida vore lensmannsstove og står no på fjerde tomt, heiter det.

Tømmerveggane i denne stova er av store, runde tømmerstokkar. Heile døra er av eit einaste tresykke, og har faktisk nesten vanleg breidd, men er nokså låg, truleg berre 1,50—1,60 m. Denne hytta fekk namnet Liastova, og var ei tid ofte utleid til feriefolk såvel sommar som vinter. Under krigen var dessutan Liastova oppholdsstad for eit par hollandske sjøfolk som hadde stukke av frå tyskarane.



Liastova.

Foto: Johs. Befring, 1945.

## Buferdsdagen

På Befring flytta alle til støls på ein dag, og det føregjekk ein måndag i førstninga av juli. Dyra og ungdommen gledde seg til desse 8—10 vekene dei skulle vere på støylen, og såleis hende det ofte at kyrne for til fjells før tida. Då laut dei drivast nedatt kvar kveld, og det var ikkje alltid like moro. På sjølve buferdsdagen vart det retteleg folksamt i stølsvegen. Mykje måtte berast opp, dei fleste hadde nemleg ikkje så bra hus på støylen at dei kunne ha noko særleg utstyr liggjande over vinteren. Og det var difor vanleg at 2-3-4 personar frå kvar av dei 9 gardane på Befring måtte ta del i flyttinga.

På støylen var det ymse å gjera både ute og inne. Støylsjentene vaska og ordna i selet, medan mannfolka ordna til i fjøset. Å leggje opp veden som hadde lege til tørk sidan den vart kappa og kløyvd om våren, høyrd med blant oppgåvene til mannfolka. Dessutan skulle dei òg

sjå etter at steingjerdet rundt stølskvia var i orden - det var alltid ein del sauvar som hadde freista å kome seg inn til det saftige graset som voks på stølskvia. Når ein hadde spandert eit par dagar i førstninga av juni med å spreie og harve naturgjødselen frå fjøset, så måtte ein passe på å halde gjerdet i stand.

Inne i støls-selet var det blitt reint og koseleg med gardiner og sengeteppe og ein bukett med jonsoksoleier på bordet. Elles var bodet dekka med heimebaka brød, natronkaker, smør, spekemat og kaffi. Det har alltid vore hevda at maten smakar ekstra godt til fjells. Noke av årsaka er vel at det er så store anstrengelser å kome seg opp dei bratte bakkane med tunge bører, at behovet for mat vert særstort. Når ein i tillegg arbeider hardt, er det vel ikkje rart at maten smakar.

No tok buskapane til å samle seg på stølen. Som vanleg kom den eldste i flokken føre med bjølla. Etterpå kom dei stigande seint og aktverdig i tur og orden etter den rang og stilling dei hadde i flokken. Dei yngste, som ikkje hadde vore med på dette før, hadde ikkje betre vet enn at dei sette i med ein galopp med halen i veret rundt på stølsvollen. Men slik aktløyse vart ikkje tolta, så då di kom tilbake etter ei runde, gjorde den eldste eit heilt uventa utfall og stanga dei bort i kroken mellom fjøsen og grinda, så det var berre så vidt at grinda ikkje vart smadra. Småuksen, som nett hadde fått halen i veret for å vere med på moroa, vart ståande berre og måpe. Så rista han på hovudet, bles i nasen og rusla bort til naboflokken for å freista å stifta nye bekjentskapar.

Snart gjekk det mot fjøstid, og rundt klokka 18.00 var mjølkinga i full gang. På dørhella stod mjølkespann med mjølkesil. Her vart mjølka tømt oppi etter kvart som mjølkinga skreid fram.

Ein god halvtime etterpå, var mjølkespanna kome på plass i avkjølingsbekken nede på nedste stølen. På Befring var dei nemleg så heldige at dei hadde svært kaldt vatn til å avkjøle mjølka i - ei oppkome eller verslevatn vart det kalla. Det var i grunnen ingen bekk, men ei underjordisk vassåre som kom rett opp av jorda. Og vatnet heldt jamn temperatur heile året, slik at det kendest kaldt om sommaren og varmt om vinteren. Det var såleis hendig om ein skulle ha tak i vatn ein vinterdag på støylen - her slapp ein bryt med å hogge is.

Etter fjøstid samlast stølsjentene ein gong i veka i eit av stølssela med handarbeid til kaffikos. Dette var ei ordning som gjekk på omgang, og var nok med på å lyse opp i det harde sliet som stølsdrifta eigentleg var for den som skulle vere budeie. Men når klokka gjekk til 22.00 vart hardangersaumen, hekle- og strikke-tyet og sokkebøtinga pakka ned og kvar gjekk til seg. Og snart var det berre fjellsus og bekkesilder å høyre over den halvdimme stølsgrenda. Eit og anna bjølleklunk når bjøllekuva svalgde hjorten, og bulder og brak når dei siste solstrålane smelta isen i breen oppe i Bjørgja slik at han «kalva», var med på å gjera denne sæteridyllen fullkommen.

## Mjølketransport og meieridrift

Det lever ikkje lenger nokon munnleg tradisjon om korleis det var drive stølsdrift i Befringsdalen på 1800-talet. Men kring 1890 vart det byrja med meieridrift i midtre Stardalen. Årsaka var nok at bøndene i den tida heldt på å gå over frå naturalhushald til pengehushald. Derned vart det aukande krav til kontantar. Ein måtte selje meir av eigenproduksjon enn før, og då vart det spørsmål etter kvalitet. Gardssmør hadde ikkje alltid det beste ord på seg hjå kjøparane. Einskilde bønder vart freista til å fuske med det. Dei laga t.d. store holrom i smøret som dei så fylte med kjernemjølk - det lokale namnet var forresten saup. For meierska ved eit meieri, eksisterte ikkje slike freistnader. Det vart difor jamnare og betre kvalitet på meierismøret enn på gardssmøret. Og når kjøparane betalte ettersom kvaliteten på smøret var, kom fleire og fleire bønder fram til at meieridrifta var god økonomi.

Bøndene på Befring vart med på desse meieritiltaka. Til bruk i stølstida kjøpte dei separator og ein del anna utstyr for å kunne levere fløyte til meieriet. Skumma-mjølk kunne dei då til dels fore opp på støylen - berre ein del av den vart boren eller kløvja heim til bruk i hushaldet.

Men snart gjekk dei over til å bere eller kløvje mjølka heim for å la henne bli separert på meieriet. Det er mogeleg at meieriet ikkje ville ta imot fløyta for ikkje å behandle leverandørane ulikt. Separatoren på støylen var i allefall ute av bruk kring 1924.

### Løypestrengen

Det å bere eller kløvje mjølka var både slitsomt og krevande. Dei som hadde så mykje mjølk at dei måtte kløvje henne heim, måtte til støls med hesten medan dei heime gjerne skulle hatt hesten til å køre tørrhøy med. Særlig i somrar med därleg høytørk skapte ordninga problem.


Truleg var dette årsakene til at Befringsbøndene i 1925 sette opp ein løypestreng til å frakte mjølka frå «Reset» (540 m.o.h.) til «Greinene» ved köyrevegen som ligg 240 m. lågare. Denne strengen var kring 1000 m lang. Frå først av var det forresten 2 strenger. Planen var då at mjølkespanna skulle gå ned på den eine, og dra ein tom kasse oppatt på den andre. 90 kg laksenotstreng utgjorde sambandet mellom den nedgåande og oppgående kassen. Desse kassane vart forresten døypte N 24 og N 25 etter polferda at Amundsen same våren. Men ingen av kassane ville gå - sambands-strengen vart for tung, og hengde seg opp i stein og kratt under løypestrengen.

Det var såleis berre den eine strengen som vart brukt. Og til kvart ryggspann eller hylkje høyrdet med ymse utstyr som var heilt nødvendig. Først var det eit dobbelt tall med ei lokkje på midten. Dette var bunde rundt hylket til å feste løypehjulet eller «rendelen» i. Eit segl vart òg festa på for å bremse på farten.

Desverre var landet slik at det ein stad måtte setjast opp

støtte under strengen. I denne støtta låg strengen i ein krok. Dette vart eit kritisk punkt. Løypehjulet («rendelen») kunne i stor fart gå fleire meter utan å ta ned i strengen. Av og til var ein utsett for at løypehjulet ikkje kom nedatt på strengen, men «hoppa av». spann og mjølk vart dermed øydelagd. Det var såleis ein dyr transport, og på slutten av den tida stølsdrifta varde, vart det brukt å bere mjølka ned til støtta og henge henne på der. Då gjekk det som regel fint.

Men heilt fårefri var ikkje avslutninga av seilasen heller. I «Greinene» var ei sinnrik bremseinnretning som oftast virka bra. Men ein sjeldan gong kunne det gå gale her òg. Når mjølkespannet her kom i god fart, rende det først i eit tau som det måtte dra ut av ein «kall». Når tauet gjekk ut av denne kallen, gjekk tauet frå ei vekt eller gynge inn på kallen. Denne vekta var avbalansert med ein høveleg stor stein, og verka såleis som ei bremse.




Han som hadde mjølkekøyringa til meieriet, hadde også jobben med å «ta av» strengen. Det trongst forresten to personar til dette, så ein av dei andre frammøtte fekk jobben med å «halda i tauet». Når det hende at det gjekk gale her, kom det helst av at mjølkespannet var så lett at det stogga før det kom heilt ned. Då fekk ein tak i ei lang fiskestang og puffa det avgarde. Verre var det når spannet stogga så langt oppe at ein ikkje nådde opp. Ein freista då å riste strengen opp og ned. Det hende at det gjekk bra, men ofte fall spannet ned og vart knust.

Her i Greinene vart mjølka tömt oppi nokre runde mjølkespann som mjølkekøyraren lesste opp i vogna og køyrd til meieriet i Lyngstadfossen med. Sidan meieriet berre dreiv med smørproduksjon, fekk bøndene skummamjølk i retur. Det høyrdet med til mjølkekøyringa å fordele skummamjølka til kvar einskild gardbrukar og levere kvar sine spann attende på gardstunet. For mjølkekøyraren var det såleis lite att av den føremiddagen. Det å vere mjølkekøyrar, gjekk på omgang.

Kjelder: Bjarne Befring  
Olav J. Befring

Framhald i Jølst 1991.



## *Året og vi*

*Om det er om vinteren og eg er eit tre,  
så hogg meg ned, og eg skal verta eit hus for deg.  
Om det er om våren og eg er eit tre,  
så hogg meg ned, og eg skal pynte med lauv i stova di.  
Om det er om sommaren og eg er eit tre,  
så hogg meg ned, og eg skal svale deg med greinene  
mine.  
Om det er om hausten og eg er eit tre,  
så hogg meg ned, og eg skal varme i ovnen din.  
Om det verken er vinter eller vår,  
men berre no, så lat meg stå.  
Så kan eg vera alt for deg  
ein annan gong.*


*Anne Kirsti Solheimsnes*

## *Det du treng for å leve*

*Etter ein stom vert det  
gjerne stille ei stund  
så tankane får tid å leve.  
Etter ein lang dag  
treng ein kvile og ro  
når andre har fått  
det dei krever.  
Om du vil kan du  
heilt for deg sjøl  
gjere det stille  
inne i ditt indre.  
Og gje deg sjøl tid  
til å finne ut  
kva du vil at andre skal gjøre.  
For deg.  
Når du av og til treng  
at nokon hentar deg opp  
når du er nede.  
Når tvilen har teke plass  
så treng du hjelp til å leve.  
Ein som kan kallast ein  
ven, er ein som ser det.*

*Anne Kirsti Solheimsnes*

# Intervju med professor, dr. philos. Edvard Befring



## VITA

Edvard Befring, fødd 11. mai 1936, Stardalen i Jølster.

Foreldre: Thor og Petra Befring.

Fullførte Firda off. landsgymnas i 1956.

Starta studium ved Universitetet i Oslo i 1958.

Fullførde cand.mag.-eksamen i realfag i 1961.

Tok magistergraden i pedagogikk i 1965, og doktorgraden (Dr. philos.) i 1972.

Vart vitskapleg assistent ved Universitetet i 1963, forskningsstipendiat i 1965, universitetslektor i 1966 og førsteamannenesis 1970.

I 1972 vart Edvard Befring professor ved Aarhus universitet, Danmark. Fire år seinare (1976) vende han attende til Noreg, som rektor for Statens spesiallærarhøgskole. Her fekk han ansvar for å byggje opp høgskolen til eit sentralt utdannings- og forskingsmiljø, med mellom anna embetseksamen og studium til doktorgraden på programmet. Frå

1987 er Befring professor og sjef for det norske doktorgradsprogrammet i spesialpedagogikk.

Edvard Befring har utgitt i alt sju fagbøker, og vore medfattar i om lag 30 bokverk. Han har publisert fleire avhandlinger og artiklar både nasjonalt og internasjonalt.

Befrings sentrale oppgåver har vore og er knytt til opplæring, oppsæding og opplysning. Dei største innsatsane er nedlagt i arbeidet for å fremme funksjonshemma og vanskelegstilte sine vilkår. Han har hatt fleire internasjonale oppdrag, for Europarådet i Grekenland og Irland, for UNESCO i Mellom-Amerika, for UNICEF i Kina og for NORAD/NAVF i Egypt.

Han har hatt og har sentrale styreverv i Forskningsrådet, i norsk lærarutdanning, i det nordiske forskningssamarbeidet, og er mellom anna styreformann for det norske Blindebiblioteket, for Høgkoleutdanninga på Sandane og for fagrådet i United World College i Fjaler.

Hovudinteressene er elles idrett, kultur og politikk.

### *Spørsmål 1:*

—Du er ein Jølstring som verkeleg har sett spor etter deg. Vi gler oss over at du aldri gløymer bygda di. Er du byrg over å vere Jølstring?

EB:

—Både stolt og glad. Men det som gler meg mest er at eg framleis på ein måte får lov til å høre bygda til. Oslo er ei perle på denne jorda. Her likar eg meg godt. Men eg vil alltid vere ein framand fugl i Oslo-gryta.

### *Spørsmål 2:*

—Korleis har du greidd å halde på språket?

EB:

—Eg normaliserte tidleg til nynorsk. Det var nok redninga. Men eg har ingen ting å skryte av. Hugs på at eg har arbeidd og levd i eit akademisk miljø med stor språkleg og kulturell spennvidde. Her blir det ikkje spurt om kva språk du talar eller skriv. Her er det spørsmål om kva du maktar av faglege og intellektuelle prestasjonar.

Men eg har eit spesielt minne frå studietida. Ein lektor frå vårt fylke tala Oslo-mål så godt han kunne. Det var slett ingen vellyd, men ei liding å høre på han. Mine medstudentar frå Oslo undra seg over kvar denne kroppen eigentleg kunne kome frå. Eg beit spesielt merke i at ei av studinene frå Oslo var overtydd om at han var polakk. Men med dette vil eg slett ikkje ha sagt noko gale verken om polakkar eller andre innvandrarar.

### *Spørsmål 3:*

—Kva er etter di meining dei største verdiane å ta vare på i Jølster?

EB:

—Naturen og kulturen. Bygda ligg slik til at den maktar å verne seg mot den verste industriforeininga. Den internasjonale forgiftinga av atmosfæren har likevel ingen grense. Nå gjeld det å hindre at jord- og skogbruket øydelegg jordsmonnet og vassdraga. Norsk jordbruks-politikk er nok ved eit viktig vegskille. Vil vi ha levande bygder, må vi og ha levande primærnæringar. Gjennom utdanning, forsking og folkevit må det og vere mogleg å skape nye næringar. Kommunikasjonsmessig vil Jølster etter kvart bli eit midtpunkt i fylket.

Kunst og kultur representerer ein verdi som ikkje let seg måle i kroner og øre. Her har vi føresetnaden for utfalding og livsglede. Sjå berre kva Stardalen mannskor har betydd, kva biletkunstnarane i bygda gir av verdiar. Naturen og kulturen er det som hand i hand skapar føresetnadjar for både velferd, velstand og trivsel. Det gir og grunnlaget for den største næringa i vekst, turismen.

### *Spørsmål 4:*

—Kva registerer du som ein veikskap ved bygda?

EB:

—Det at folk ikkje går på vitjing til kvarandre. Det å mure seg inne i kvar si stove, kanskje med TV som einaste selskap, gir grunnlag for eit karrig og fattigsleg sosialt klima. I Oslo går folk sjeldan på vitjing fordi ein rett og slett ikkje

kjenner kvarandre. Dette skapar ofte tragiske skjebner, ikkje minst hjå eldre. I Jølster er det her tale om ein gamal uvane som og kan ha vonde følgjer. Ære vere dei som til dømes har fått i stand sommarkafeen i Haugtun og liknande arenaer for samvere og samtale. Initiativrike folk som evnar å bryte med uheldige vanar og därlege skikkar, er gull verd.

### *Spørsmål 5:*

—Korleis makta du å bryte deg veg frå Stardalen og til ein professorstol, først i Danmark og seinare i Oslo?

EB:

—Først og fremst fordi eg var velsigna med foreldre som evna å skape oppmuntring og ambisjonar. Det verste steget var nok opptaksprøva til Firda off. landsgymnas i 1952. Den tok ei heil veke. Sjølv om eg hadde fått attest frå presten i bygda (Gutorm Kalhovd) om at eg var glup, så kjende eg meg svært liten i konkurransen med lærardøtre og prestesøner frå heile nord-vest-landet. Men denne prøva kom eg igjennom med glans.

Gymnastida på Sandane ser eg elles ikkje tilbake på berre med glede. Stadige helseproblem var nok ei mykje større utfordring enn sjølve gymnaset. Først mange år seinare fekk eg vita at eg hadde arva astmaen til bestefaren min. Nå fekk eg endeleg den medisinen eg nok burde hatt lenge.

På Universitetet i Oslo vart eg nokså tidleg engasjert av ein professor som hans vitskaplege assistent. Her fekk eg utfordringar som ofte var i største laget. Men etter kvart var det naturleg både å ta magistergraden, som eg fullførde i 1965, og doktorgraden, som eg tok i 1972. Etter kvart vågde eg å kaste meg inn i konkurransen om eit professorat.

Det å overleve i eit beinhardt konkurransemiljø, stiller ein overfor store personlege påkjennningar. Sjølv om det ofte har skorta på sjølvtiliten, så var og er Stardalen eit godt utgangspunkt. Diverre har eg ikkje utretta noko til direkte gagn for heimbygda. Men eg vonar det ikkje er for seint.

### *Spørsmål 6:*

—Korleis ser du på barndomen i Stardalen og Jølster?

EB:

—Min eigen barndom var slik at eg tidleg vart vaksen. Eg var eldst i søskenkflokk, og som 11-12-åring vart eg eigar av sølvrev. To-tre år seinare hadde eg ansvaret for omlag 50 dyr med stort og smått. Far var svært interessert, men som sjáfør i Firda billag var han sjeldan heime. Eg minnes derimot med glede samarbeidet med naboen, seinare ordførar, Sverre P. Befring. Draumen om alle dei blanke premiedyra vart det diverre ikkje noko av. Men avviklinga før krakket i 1952 gav likevel pengar til gymnaset.

Det å verte tidleg vaksen, medfører at ein blir i stand til å bevare mykje av barnet i seg. Dei som seint blir vaksne, tek derimot ofte kveletak på barndomen i seg og blir stive, formelle og fantasilause.

Men i mi tid i Stardalen stod ikkje barndomen høgt i kurs. Eg gløymer aldri då ungane i vår skulekrins mista fotballbana ved utskiftinga i 1949 for at også det skulle bli potetåker. Deretter vart det for min del friidrett, noko som gav meg mange vener og opplevingar. Men interessen for fotball kjem eg aldri over. Eg gler meg storleg over at Jølster er attende i 5. divisjon. Om tre år bør dei vere i 3., med så mange gode talent.

I dag trur eg elles at barndomen har fått ein rimeleg høg plass i bygda. Men kanskje er det fare for at alt blir for hektisk gjennom for mange ulikearta tilbod. Folketalet nødvendiggjer ei klar avgrensning dersom ikkje det heile skal flyte ut i ingenting. Gode vilkår for ski, friidrett og fotball er langt å foretrekke framfor därlege tilbod i femseks idrettsgreiner.

Eg fryktar elles at den før omtalte isolasjonen også sylinder seg i ein generasjonsisolasjon. I kor høg grad maktar dei ulike bygdelaga å skape fleirgenerasjonsarrangement? Vi veit at diskokulturen er på full fart utover bygde-Noreg. Ein effektiv front mot denne ukulturen kan berre skapast ved å gi ungdomslaga ansvar og armslag, til glede for alle unge mellom 13 og 93.

**Spørsmål 7:**

—Du har fare vide rundt i verda, ikkje minst på oppdrag for internasjonale hjelpeorganisasjonar. Kva har gjort sterkest inntrykk?

EB:

—Den veldige skilnaden i levekår, den skrikande nøden og den kolossale livsviljen hjå folk. Alle våre problem her i Noreg blir til samanlikning mikroskopiske.

Eg er forresten samd med dei som seier at U-hjelp også er effektiv sjølvhjelp. Dei som reiser ut for å gjøre teneste, lærer seg at det meste er mogleg når ein må. Dei som opplevde den siste krigen her i landet på nært hold, veit kva det her dreier seg om.

**Spørsmål 8:**

—Siste sommar fekk du Riddarkrossen av den Islandske Falkeordnen. Det var ei stor ære.

EB:

—Ja, islandingane er usedvanleg generøse. Eg har hatt glede av det nære samarbeidet med islandsk forskning og spesialpedagogikk sidan første halvdelen av 1970-åra. Eg kjenner meg i slekt dette livskraftige folket. Sunnfjordingen Ingolf Arnason blir som kjent rekna for å vere den første landnåmsmannen, omlag år 870. Islandingane viser oss kor viktig det er å ta vare på språket og den kulturelle arven. Byrgskapen over eigen identitet gjer dei i stand til å vere internasjonale på ein trygg og handlekraftig måte. Eg vonar det nordiske United World College blir ein realitet i Fjaler, slik at den norrønne kulturen kan bli sett inn i ein internasjonal pedagogisk samanheng.

**Spørsmål 9:**

—Du fortalte at du har sabbatsår for å drive forsking. Kva vil det seie?

EB:

—Først og fremst inneber det at eg er friteken for å halde forelesingar og kan overlate administrative plikter til andre. Til gjengjeld skal eg skrive ei bok for Det norske samlaget. Dessutan skal eg fullføre eit forskingsprosjekt om opplæring og alfabetisering av ulike grupper av innvandrarar. På dette prosjektet arbeider to doktorgradskandidatar og tre hovudfagsstudentar. Saman med ein vitskapleg assistent arbeider eg og med planlegginga av eit forskingsprosjekt om synshemma i Noreg. Dette vil først bli realisert når finansieringa er i orden på slutten av 1991. For min eigen del planlegg eg og ei studieferd til New Zealand og Australia.

Til vanleg blir det lange dagar. Derfor er det viktig med stabilitet. Såleis likar eg meg aller best på kotoret eller i studierommet i huset mitt i Løkkaskogen. Her har eg Nordmarka som nærmaste nabo, og eg bur eigentleg på landet.

**Spørsmål 10:**

—Kva planer har du for framtida? Har du tenkt å vende heimatt til bygda her vest?

EB:

—Eg håpar eg har ein god del u gjort innanfor faget mitt. I første omgang skal eg i alle høve bruke krefter på å hjelpe fram flest mogleg doktorgradskandidatar i spesialpedagogikk. Høg fagkompetanse er ein nøkkelfaktor for å skape betre vilkår for funksjonshemma og andre svakstilte grupper i samfunnet. Dette har med rettferd, likestilling og solidaritet å gjere.

Elles har eg barna mine rundt meg her i Oslo — dei er alle studentar på universitetet. Eg har og blitt bestefar. Såleis har eg vel grodd fast her. Innerst inne har eg vel likevel ein draum om å vende attende til Stardalen. Som utflyttar står eg i fare for å idyllisere min barndomsdal. Men eg er samtidig overtydd om at visse grunnverdiar framleis er ein levande realitet både i denne bygda og bygde-Noreg elles. Først og fremst dreier det seg om samhald og evne til omsorg for kvarandre. Eg skulle berre ønske at jølstringar og bygdefolk elles kunne vise evne til å vere byrge over det dei står for. Ikkje minst ville det hjelpe barna og den oppveksande generasjon til å få større tiltru til seg sjølv og dermed større føresetnad for å skape ei betre framtid.



Anne Kjersti, Edvard, Tor Erik, Ase Marit.

# Gamle ord i jølstramålet

Av Daniel Dvergsdal

For nokre år sidan tok eg til å sende inn jølstraord til Norsk Leksikografisk Institutt i Oslo, både slike som eg mintest sjølv og slike som eg frette. Siktemålet vart å skrive ned ord som er gløymde av yngre jølstringar eller er i ferd med å verte utbytte, i alle fall i skrift. Dei eldste er etter folk som levde litt etter 1900. Ei viktig kjelde her er eit oppsett av Rakel Viken. Andre gode hjelparar er Anders P. Sægrov, Borghild Larsen, Anders Huus (Nøtterøy) og Olav J. Befring.

Oppslagsorda er skrivne med tilnærma jølstrauttale og ordna alfabetisk. Til høgre er ført opp skriftformer, oftast etter *Nynorskordboka*, forklaringar og døme på bruk.

For å gjeve att uttalen har eg nytta det vanlege alfabetet, men eg har teke i bruk nokre få lydteikn for å gjere framstellinga eintydig.

## Teikntydingar:

' (accent aigu) står framfor den stavinga som har hovudtrykk i ordet, såleis i **a'lur**, 'sollve, raspe'kake. Einstavingsord og ord med jamt trykk er ikke merkte med aksent.

ð står for den opne o-lyden som vi har i **støkk**, **støve**. Frå Skei og austover vil denne lyden oftast ha ein ø-liknande uttale som i Indre Nordfjord.

è står for trøng e som i **vête**, **har lèse**

Grammatiske nemningar:

m maskulinum (hankjønnsord)

f femininum (hokjønnsord)

n nøytrum (inkjekjønnsord)

v verb (gjerningsord)

a adjektiv/adverb (eigenskap, måte)

flt fleirtal

## A

ábese	f	ABC-bok
a'daga		avdaga, det er nesten <b>aðaga</b>
a'degningja	f	avdegninga, skyminga
aføre	a	føre, framanfor, <b>gå aføre</b>
'akta	f	akta, fjøsstellet
al'dèles	a	aldeles, heilt
alter'erte	a	alteret, uroleg, oppskaka
a'lur	n	allur, bråk, ståk
alv'elde	m	alveld, ein hudsjukdom
a'makelse	n	stort oppstyr, leven
a'markebeist	n	eit beist som var stort nok til å sleppe i marka om våren.
a'minjnje	v	avminnast, sovne inn
a'namme	v	nyte mat, halde på mat når ein er sjuk.
an'dektige	a	andekting, som syner andakt, ikkje smilande

and'føtes	a	andføtes, å liggje med føtene mot kvarandre i senga
'andinjnje	f dativ	i uttrykket <b>take ette</b> 'andinjnje, ta etter pusten når ein vert skremd.
and'pusta	a	andpusten, forpusta
an'døge	v	anduge, vere ottefull, «han andøgde på tørrhøyet»
anns manns		annan manns eigedom
eien'domme		annsam,ha det travelt
anjnj'same	a	annsemd, «ho Lovisa var i annsemd»
ann'semnd	f	
ann'varpe	v	kle seg uvanleg, <b>ho ann'varpa se</b> , ho var spjåket, skilde seg ut i klesvegen apal
a'paljje	m	aparta, framifrå
a'parta	a	asever, uroleg ver, særleg om hausten
ase'veir	n	mjølkerestar som dei har skola ut av mjølkeaskar
aske'skòl	n	<b>a'skjildre noke</b> , lage ei teikning eller eit fotografi av noko, avskildre
a'skjildre	v	avskildring, bilde, teikning asne, vere uroleg, ikkje ta fred
a'skjildring	f	aspekter, miner, fakter, merkeleg åferd, <b>da va noke te aspekt</b>
asne	v	andre stader, <b>enjnjkvestra</b>
a'spekte	flt	<b>astrå</b> , ein eller annan stad attoverbøygð, noko
astrå		atte'kjeike
		a
atte'lète	v	atte'lète
atte'reke	f	atte'reke
'aue	a	'aue
auke	m	auke
aule	v	aule
'austren	m	'austren
av'dekkt	a	av'dekkt
		avdegt, avdogga, om gras som er turka så pass at dog-

av' komminj	a	ga er borte. avkomen, lite god til å få ord for seg, «ho va heilt avkommå»	bar' sol	n	barnsøl, barnedåp
av' lète	v	Når ei ku eller ei geit fødde for tidleg, sa dei at <b>ho av'lèta</b>	baske	v	baske, pryle ungane med fla- te handa på buksa eller stak- ken, 2. baske med, streve med
av' rånge	m	hardfrosen snø, «vi gjekk på avrångja» (dativ)	'baske	a	barsk, flink til å arbeide og ordne opp. Han har fått seg ei <b>'baske</b> kjerring
av' sindige	a	avsindig, vetlaus, oppskremd	bause	m	bause, lefse eller flatbrød med smør, potet og fisk
av' skomm	n	avskum, uverdig menneske, «det var eit <b>avskomm</b> ». A. P. Sægrov trur at ordet er kome frå ølbrygginga.	bè' dage	se v	bedage seg, verte betre ver
av' øye	v	avøyde, slakte ned, t.d. gei- ter eller kyr.	bè' fængde	a	befengd med, sitjande med, oppengd med
av' åt	n	avåt, insekt som legg seg på blad og blomar.	bè' gretelæ	a	til å gråte over
<b>B.</b>					
bake	v	bake bake seg. Kverna kunne bake seg, særleg når kornet var dårlig tørka.	bei	v	beid. Fortidsform av <b>bida</b> , nytta i nektande setningar, <b>dar' bei kjo</b> , der fanst ho ikkje
bal	n	bal, strev, arbeid	beint	a	beint. <b>halde beint</b> er å styre båten med ror eller ei år
bale	v	bale, arbeide med, sysle med	'beire	a	betre
bana	a	bana, halvturt og nyslege gras			
barkjinj	m	barken, luftrøyret på folk og dyr			
bar' sæng	f	barnseng. Kona låg på barn- seng når ho hadde født			

Jølster Mållag arbeider med å få utgjeve eit hefte med heile samlinga av gamle ord i jølstramålet av Daniel Dvergsdal. Stykket ovafor er eit utdrag av denne heilt sereigne ordsamlinga. Dette heftet, eller ordlista om ein vil, vonar vi kan vere tilgjengeleg for alle frampå våren.

Styret

## Nokre særmerkte ord i jølstramålet

Når ein jølstring seier *lerv* og ikkje *levr*, (lever), norrønt *lifr*, kollar vi det konsonantomkasting (metatese), v og r har bytt plass. Slik konsonantomkasting finn vi både i andre norske dialektar og i andre mål. Årsaka er ofte at dei nervesentra som styrer taleorgane, innstiller seg på at tunga skal få lettare arbeid med uttalen. Tenk berre på eit barn som er i ferd med å lære seg ordet **bukse**. Resultatet i første omgang vert gjerne **buske**.

Av og til kan konsonantomkasting rive ei bøyingsform laus frå rota og gjere eit ord ukjenneleg, såleis fleirtalsforma *kviljsja*, i eintal *kvetile* (ullteppe). Utanbygdalar har vanskar både med å forstå og uttale dette ordet, og endå verre er det å skrive det.

Ofte vart slike ord brukte som døme på det bondske og gamaldagse i jølstramålet. Slikt skal vi ikkje kivast om. I staden tek vi for oss nokre av dei vanlegaste, grupperer dei og ser på samanheng og opphavsformer.

1.

rv av vr: firvelde av fivrelde, norrønt fifrildi - herve av havre - karving av kavrинг - lerv av levr, norrønt lifr - nærv av nevr, norrønt næfr. Vi kan og ta med stadnamna Befring og Støfring, uttala bærving og størving.

2.

Ljsj av sl: falsje av fasle - eiljsja av eislar av eitlar - haljsj av hasl - kjeljsje av kjesla av kjetla (få kattungar) - kruljsj av krusl - kviljsj av kvisl (delta, arm av elv) - kviljsja av kvislar av kvitlar (ullteppe i flt) - reiljsjévege av reidsle- veg - riljsj av risl (silderisl) - suljsj av susl/sutl - suljsje av susle.

3.

lv av vl: kjelve av kjevle - skalve av skavl - solve av sovl.

4.

kst av skt: be(i)kst av beiskt, inkjekjønnsform av beisk - frikst av friskt, inkjekjønnsform av frisk - tre(i)kst av treiskt, inkjekjønnsform av treisk (treiske dagar, ei treisk kjerring)

5.

str av rst: astra av arstad av norrønt adrir stadir (andre stader). Forma arsta er kjend frå gammalt gloppemål (Årbok for Nordfjord 1989 s. 134).

enjnjkvestra av einkverstad av norrønt einhvorr stadr (ein eller annan stad)

Alle oppslagsorda er talemålsformer. I skriftleg framstelling vil vi i regelen nytte normaliserte former.

# *Støls-Tjørna*

*Sit du ein kveld oppå Biddarhaug  
let auga vende mot Reset.  
Der ligg stølstjørna i kveldsol — läug  
ho gøymer so mange minne.*

*Ho sullar den einsame songen sin  
kringom veks tjorr og busk,  
og myrmosen kviler so mjuk og linn.  
Det rislar i sterngras ved land.*

*Rundt tjørna går reker i kors og kringle.  
Her beitte bøling med bjølleklang og hestesingle,  
mang ein Døling har trakka i laurdagsham,  
medan røyslyngen brenn åver rind og rust  
ein seinkveld i august.*

*Stølstjørna ligg der i seinsomarfred,  
so løyndomsfull og svart,  
no kjem dimma lett og vart,  
og saftgrøn blomm veks i gjøl og led.*

*Helga Fluge*



SKYTTERDANSEN 1954

Ludvig Eikaas

# Jølstringen sitt forhold til det skrivne ord

Trongen etter å uttrykke seg skriftleg har nok folket her nord — i utkanten av verda — hatt lenge. Det syner helleristingane som truleg er 5-6 tusund år gamle. Og då fedrene våre tok til å «riste runer» for vel 1000 år sidan, var dei komne eit steg lenger. Men skrivekunsten slik vi kjenner han, kom med kristendomen. Reformasjonen vart innførd i Noreg i 1536. Vi tykkjer det var fatigsleg når kongen i Kjøbenhavn sende 96 biblar til Noreg i det høvet. Men kanskje det var eit høveleg tal, det var svært få som meistra lesekunsta.

Det leid heilt fram til 1739 då lova om almueskulen kom. Jølstringane var lite glad for den lova veit vi. Det var langt millom dei som kunne både lese og skrive, lenge etter på og.

Nokre undantak var det. Kor han Sakkarias Fossheim hadde lært kunsta, må vi undra oss over. Han Sakkarias var vaksen kar då almueskulen kom i gong. Han las seg fram til jurist utan skulegonge, og klarte seg bra i kamp med juristar frå universitet i Kjøbenhavn.

Men like mykje må vi undre oss over «Store Sandalen». Han var fødd i 1803. Han reiste til Bergen og dreiv stort — handla med bondevare og skaffa heimatt byvarer til bøndene i Jølst. Han var den reine datamaskina. Alt hugsa han! Rekne kunne han og, i hovudet — . Det visste presten Fasting å fortelje. Men lese eller skrive det kunne han ikkje. Då dette flogvetet var i skulepliktig alder hadde almueskulen vore i drift i 70 år!

Dei første bøkene jølstringane fekk i hende var bibelhistoria og forklaringa. Men for vaksefolk var det preikebøker og Bibelen. Det skrivne ord stod høgt i aks og ære. Det hadde nok ikkje mindre status enn det vi kallar «hard valuta» i dag. Ei jente som truleg var fødd kring 1850-60 kunne Pontoppidans forklaring på rams, er det fortalt. Ein som var fødd år 1875 kunne syngje alle salmane i Landstads salmebok utanboks!

Langt ut på slutten av 1800 talet kom omreisande bokhandlarar til Jølst. Det var vel helst kristelege bøker. Men etter kvart kom det andre bøker som «Gjest Bårdsen's levnetsløb», den skulle vere svært godt omtykt. Ei «Drømmebok» og ei «spåbok» skulle vere svært god salsvare ei tid, særleg vart den kjøpt av unge gutter og jenter. Då det leid fram til den tid eg vakna til medvet, kom «Hardangerbruden» og «Romdalbruden» og endå ei brud. Desse bøkene slukte eg fort. Dei var sydde på same lesten. Det var om den rike vakre og gode jenta som var bortlova til den brutale storlåtna stygge storbonden. Men jenta ville ikkje ha denne rikingen, som både drakk og slost. Jenta sitt hjarte stod til den vakre ærlege og flinke husmannsguten. Etter mykje drama-

tikk fekk dei kvarandre til slutt, dei som hørde saman. Eg tur ikkje vi hadde noko skade av desse bøkene. Moralen var: Ærlegdom og truskap får si løn til slutt. Det var noke som var godt å tru på. Men so synte det seg at endå om ein heldt seg til ærlegdomen og truskapen måtte ein finne seg i å bli taparen — — —.

Det var vel helst ungdomen som var opptekne av slike emne. Men etterkvart kom det bøker om alle tenkjelege emne. Men det stod därleg til med kjøpekrafta, særleg i 30 åra. Då var det dei lesesjuke fann vegen til biblioteka. Eg og mange fleire fann vegen opp ei bratt trapp til meierilemmen i Helgheimsøyane. Kvar preikesundag når gudstenesta var slutt, stima vi opp til kultursenteret på meierilemmen. Og der var bøker i hyllene langs alle vegger. Og ved eit bord sat han Anders Åmot og ekspederte. Han var lynande snar, han avvikla køane på utruleg kort tid. Då tok det gjerne lengre tid for oss som var lånar å finne fram til den rette.


Nyfiken som eg var hadde eg fått ei tung kjempebok opp i nevane. Kva var dette for noko? Etikk var tittelen. Etikk, kva var det for noe? Vi var ikkje so kunnige i framan-dord i den tid. Men so tenkte eg: Lån boka og les, so veit du det! Eg so gjorde. Det var ei bok på 1000 sider, tungt stoff var det og. Eg las vel ikkje alt. Det var arbeids-krevjande å tilegne seg framandord i dei dage! Men det var ikkje lett stoff då eg lånte ei bok av Søren Kirkegård heller!

Men trass i tronge tider traska omreisande bokhandlarar rundt i grendene med bøker frå Lundes forlag i Bergen. For 3-4 kroner kunne vi kjøpe ei bok av Anders Gil eller Per Hilleren. Og vi tileigna oss meir etikk av ei slik bok enn av kjempeboka på tusen sider og trykt i Kjøbenhavn! Og so bytte vi gjerne bøker med kvarandre etterpå.

Under krigen hadde eg lånt 2 bøker på «meierilemmen» som dei nye makthavarane mente var skadeleg for meg. Lensmannen måtte ta den lange turen frå Åhus til Sægrov for å få tak i bøkene! Og skaden vart avverga — — —.

Men no har eg ikkje nemnt avisene. Aviser var sjeldsynt heilt til unionstriden tok til å kvesse seg til. Men grunnlaget for å leve med i politikken var vel ikkje so godt hjå dei fleste. Difor vart det helst om ulukker dei las. Folk vart storleg forundra over all elendigheita.

Han Per Myklebost måtte truleg vere med dei første som hadde avis her i Jølst. I den tid vart avisene som annan post utlevert kvar preikesundag ved kyrkja. Det var ikkje so ferske nyhende som vi får idag! Når han Per kom heim frå kyrkja og hadde ete seg god og mett, sette han seg



VESTLANDET 1965

Ludvig Eikaas

ned og las avisene. Dette tok si tid, det leid langt på kveld, når han rusla ned til grannestova for å referere det han hadde lese. Han kunne då fortelje om krig, hunger og pest og ulukker både på land og sjø. Og so hadde han lese ein spådom om at den eller den dato skulle verda gå under! Mor mi som var ei lita jente og skulle prøve å sove, stakk fingrane i øyro, og breiddde over hovudet, og sovna vel omsider — — —.

Det var under unionstriden jølstringane vart avislesarar. Det var vel helst lokalaviser som kom 2 gonger i veka. Då hadde det kome so langt at postskyssen for gjennom bygda 2 gongen i veka og. Aviser 2 gonger i veka var meir enn nok, tykte mange bønder i Jølst. Ein mann fortalte meg at han fekk påtale av far sin då han lurde seg til å sjå litt i avisar ein arbeidsdag. Dette kunne ein ta for seg i helga. Men ein annan vart skräemd då han såg ein som las i avisar med han åt! Men eg hugsar ein som var misnøgd med lokalavisa. Han tingar Norsk Kunngjørsetidende. Det skulle bli andre bollar. Då bladet kom, kunne han lese om alle stillingar i stat og kommune som var ledige. Og alle i landet som hadde gått konkurs. Og i tillegg alle giftarmålslysingar i heile Noregs land.

Vi var to ungdomar som var luta lei av den hissige valkampen. Vi var forvirra og visste ikkje kva vi skulle tru. Vi tingar då Stortingstidende ilag. No skulle sanninga fram. Det vart litt av eit sjokk då første bladsendinga kom. So mykje stoff var ikkje lett å få inn på toppen av det daglege gjeremål. Den vesle vegglampa brann til over midnatt dei første kveldane. Men eg gjekk snart over til eit normalt liv. Eg fann det rettast å forlate politikken med eg hadde noke vet og krefter att. Ho mor var heller ikkje

noke særleg blid for alt papiret som låg der og samla støv! «Fortel meg kva du les, og eg skal fortelje deg kven du er». På ei lang bussreise vart dette levande for meg. Eg la merke til ein mann i bussen som las i ei av dei kjempestore dagsavisene. Eg såg han las sportspalten, både vel og lenge. Til slutt la han bladet saman. Sporten var det einaste han las! Då tenkte eg: Det ville eg gått stilt forbi. Og det du ikkje las, ville eg lese. Men stod vi ikkje begge i fåre for å bli «smalspora» og einsidige?

Vårt tilhøve til andre menneske og deira kår krev at vi les noke meir enn det vi har ei spesiell interesse for.

I Jølst har vel «lesehestane» havt magre kår. Kampen for tilverret hav kravt so mykje. Å lese var noe dei aller fleste måtte gjere på overtid — når arbeidsdagen var slutt. Og mange kjende det slik at då orka dei ikkje meir. Det var ofte ille, men det kunne og vere godt. «Brillestutar» har vel ikkje vore å finne i Jølst. Det er lesegladde folk som har drøymt seg bort frå det røynlege — dei har tapt «bakkekontakten». Det jølstringen har lese, har til denne tid vorte vege mot den sunne «bondefornuft».

Vårt forhold til det skrivne ord er ikkje som i gamle dagar — då var alt det som stod på prent å lite på. Det er ikkje slik lenger. Kva skal ein då gjere? Det er å vone at jølstringen tek til seg det ordet frå bibelboka som seier: «På fruktene skal tree kjennast — Eit godt tre ber god frukt».

Det er altsa noe vi skal rette oss etter, og noe vi må vrake.

Anders P. Sægrov

# Difor vil eg gi mi stemme til Frp

Framstegspartiet. Berre namnet gjev assosiasjonar. Dette er partiet som vil forandre Noreg til eit ideal-samfunn. Ikkje eit einaste av dei andre politiske partia kan måle seg med Frp, når det gjeld å finne dei rette verdiane og haldningane.

Frp vil legge ned Distriktenes Utbyggingsfond og avvikle distriktsskattelova. Det vil ikkje bety at Framstegspartiet ikkje har distriktpolitikk. Slett ikkje. I partiprogrammet til Frp står det å lese følgjande: «— Frp's viktigste distriktpolitiske virkemiddel er å endre lønnssystemet, slik at de som ønsker å bo i et distrikt kan få arbeide der, selv om de ikke får like høy lønn som i deler av landet med et strammere arbeidsmarked.» Slå den, ingen andre parti kan vise til ein slik dugande distriktpolitikk! For kva betyr vel nokre skarve tusenlappar, vi som har så mange andre verdiar. Vakker natur, til dømes, blå fjordar og snøkledde fjell. Nei, vi vestlendingar bør ikkje bli for kravstore og ikkje unne andre meir enn oss sjølve.

Frp vil bygge ned det norske landbruket og foreslår å skjere vekk 2/3 av jordbruksstøtta. Sjølv sagt er det litt synd for dei norske bøndene det, då. Men, du veit, «til lags åt alle kan ingen gjera», sjølv ikkje Carl I. Hagen. Bøndene kan jo heller starte opp ei lita verksemder dei før hadde sauefjøs, det blir det nok pengar av. Dersom dei heller vil halde fram som bønder, så kan dei selge litt jord til naboen for å finansiere gardsdrifta. Kanskje vert garden litt mindre av det, men det er berre ein fordel, for då treng ein ikkje så mange gjerdestolpar når ein skal setje opp gjerde rundt garden.

Den maten som vert produsert her i Noreg, er rådyr. Frp vil inn i EF, og då vert det nok andre bollar skal du sjå. Då kjem vi nordmenn til å få det fint, vi får importerte matvarer for ein spottpris. I mange av EF-landa vert storfeet tilført veksthormon slik at dei vert mykje større enn vanleg, så vi får mykje meir for pengane våre. Snakk om flaks!

Frp vil sentralisere samfunnet på alle område, slik at det vert meir økonomisk og effektivt. Vi slepp såleis eit

utkant-Noreg som stadig skrik etter meir subsidiar. Alle kjem til å bu i byar og tettstader, og det inneber jo mange fordelar. Berre tenk på kor kort veg folk får til jobben. Når så ferien kjem, kan folk reise «på landet» for å koble av frå kvar dagens slit og mas, — der er det iallefall stilt.

I dag har vi ein striks alkoholpolitikk i Noreg. Carl I. Hagen meiner at denne bør bli friare. Det er klart, folk bør då få lov til å bestemme sjølv kva dei skal kjøpe eller ikkje. Talet på alkoholikarar vil kanskje auke, men det er eigentleg ikkje noko problem. Dei ekstra sjukehuss-plassane dette vil krevje, vil dei private sjukehusa vege opp for. Frp vil nemnleg ha fleire private sjukehus. Det er dei som har mykje pengar og kan betale for seg som skal kunne nytte dette tilbodet, og med den skattelette og avgiftsreduksjon som Frp legg opp til, skulle dette gjelde så godt som alle nordmenn! Og når økonomien blir så god, kva gjer det vel då om barnehageprisen stig litt, opp mot 80 000 kr?

Arbeidsløysa som no er eit stort problem ville vore «ein saga blott» dersom Frp fekk det som dei ville. Ta til dømes samferdsela, ho ville bli privatisert, og den ferja til Byrkenesøy ville bli svært innbringande. Særleg ettersom ferjetakstene ville stige med 160%. Tenk på dei inntekten! For ikkje å snakke om privatisering av kollektivtrafikken og auka billettprisar. Vips, masse lønsame arbeidsplassar der også.

Som sunnfjording kjem eg til å røyste på det partiet som gagnar Sogn og Fjordane best. Det finst ikkje tvil, Framstegspartiet er partiet som held mål! Meiningsmålingar kan tyde på at Carl I. Hagen og hans undersåttar er på veg oppover. Så dersom no Frp får riktig mange representantar på Stortinget, ser eg verkeleg framtida lyst i møte!!

Ingvild Sunniva Helgheim

# Barneside

ved Laila Hov Sandnes

## Premieoppgåve

Leit og finn 20 stadnamn i Sogn og Fjordane. Du må lese både vassrett og loddrett, framleangs og baklengs.

P	K	Y	R	K	J	E	B	Ø	R	O	S
Y	Ø	L	Å	M	N	N	L	A	V	I	K
V	R	S	Ø	U	Y	E	E	N	U	D	L
T	S	V	R	A	R	O	I	D	T	A	A
O	S	E	O	K	T	L	K	A	V	T	K
H	Y	L	L	E	S	T	A	D	I	S	E
Y	P	G	F	L	Å	M	N	P	K	G	G
E	K	E	V	O	T	S	G	K	R	Y	G
N	S	N	S	D	A	L	E	O	L	B	L
R	B	A	L	E	S	T	R	A	N	D	L
L	O	T	E	E	T	I	E	R	M	I	F
B	R	E	M	A	N	G	E	R	T	P	A

## Godt sagt

Til fleire brende peparkaker det blir, desto meir får ein smake av baksten før jul.

Det er fånyttes å kaste gjæren etter brødet når baksten er kommen i ovnen.

Salt er det som gjev maten vond smak når det manglar.

Opp og ned er like langt, men ikkje like lett.

Ingen er for gammal til å gjere nye dumheiter.

Det er tre måtar å få noko gjort på:

- gjere det sjølv.
- betale nokon for å gjere det.
- forby ungane å gjere det.

Berre ein ting er verre enn ein som kranglar om alt, ein som kranglar om ingen ting.

## HAREK DEN HARDBALNE




JØLST

Skriv namna du finn på eit ark og send det til:  
Jølster Mållag,  
v/Ingrid Søyland Hope  
6840 Vassenden

innan 10. januar. Bokpremiar.

Ein er varmast  
når ein er to.



23



NIKOLAI ASTRUP (1880–1928)

*Revebjøller* (1909)

## ASTRUP: REVEBJØLLER

Med råme kr. 765,-  
Utan råme på lerret kr. 340,-  
Utan råme på papir kr. 250,-

## AUDHILD VIKENS VEVSTOVE

Skei - Tlf. 28 125



Rør og rørartiklar  
Sanitæreanlegg og utstyr  
Varmeanlegg med ved, flis og olje  
Pumpe anlegg  
Kjøkken innreiing  
Baderom og møbler

## JØLSTER RØR A/S

Aut. rørleggarmeister  
TROND AARDALSBAKKE  
6850 SKEI I JØLSTER

Såvarer  
Kraftfor  
Kunstgjødsel  
Landbruksmaskiner  
Verkstad



**VALMET**

TA KONTAKT MED  
BONDEN SIN EIGEN FORRETNING



**Felleskjöpet Vestlandet**

Bergen                    Skei i Jølster                    Etne  
Tlf. 05/325500      Tlf. 057/28202      Tlf. 047/66544  
5800 SOGN DAL — TELEFON (056) 71905



## Jølster Samyrkelag

Avd. 001 - Skei i Jølster - telefon 28 377  
Avd. 002 - Stardalen                    - telefon 28 929  
Avd. 003 - Årdal                            - telefon 27 644



OPNINGSTIDER:  
Kveldag.: 07.30-22.00  
Laurd.: 08.30-20.00  
Sund.: 09.30-22.00

**FOR FOLK PÅ VEGEN**

## SKEI SERVICENTER

v/Ola Fugle  
6850 Skei i Jølster. Tlf.: 28 234



### JØLSTER HOTELL

Tlf. 057-27300  
N-6840 VASSENDE  
JØLSTER, NORWAY

Møter \* Kurs \* Selskapsarrangemang  
Overnatting \* 24 Rom m/dusj og toilet  
Velkommen!

Alle typar  
fliser - fasadestein - omner  
stein og fugemasse



**Jostein** **Viken**

AUT. MURMESTERFORRETNING

6850 SKEI I JØLSTER — TLF. 057 - 28 194

## ALF HELGHEIM & CO

6850 SKEI I JØLSTER  
Tlf. 057-28 311

UR — OPTIK — GULL — SØLV  
MUSIKK — FOTO — VIDEO

BUTIKK OPE FRÅ KL. 10.00-20.00



6840 VASSENDE — TLF. (057) 27 135



KVAR DAG  
EIT  
HYGGELEG  
SENTER  
FOR  
HEILE FAMILIEN!

*Velkomen  
til ein god handel*

**DAGLEGVARER  
VEGKRO  
NOROL BEN SIN**

OPE TIL 22.00



**video**

**Wrangler®**

Kanskje årets  
julegave!

*Jeans*

Kjent for kvalitet  
og god passform.

**SKEI HANDEL**

OLAV MYKLEBUST

6850 SKEI I JØLSTER

Tlf. 057-28 374



**JØLSTER FOLKEBIBLIOTEK**

SKEI/VASSENDE

TLF. 28520

**N. B. KVAMMEN**

EIKÅS, JØLSTER  
ASS. HANDEL

Telefon nr. (057) 27 154 - Postgiro 5 79 98 46

- Nærbutikken som har det meste
- Fast lågpris på varer som er aktuelle for dei fleste
- Langope til kl. 19.00 kvar torsdag
- Velkommen til handel på Vassenden samyrkelag!

### S-LAGET VASSENDE

Tlf. 057-27200

### ÅRDALSBAKKE ELEKTRO A/S

Autorisert installatør

overtek frå 1.1.1991  
firma Sverre Årdalsbakke & Co.

Postboks 25 - 6850 Skei  
Tlf. (057) 28135/28415

STERKSTRAUM — SVAKSTRAUM — TELE

FRÅ FØRSTE STREK.....TIL FERDIG TRYKK!



6800 FØRDE  
TLF. 057-22884/23711  
TELEFAX: 057-20656



- Gåveartiklar
- Avskorne blomar
- Potteplantar
- Uteplantar
- Kransebinding

- Brudebukettar
- Pynting i kyrkja

MARGUNN  
BLOMSTER

Skei — tlf. 28 440

### KRAMBUA SIGURD KLAKEG

6850 SKEI TLF. 28122

A/S **LEFI** BAKST  
6840 VASSENDE

NO KAN DU KJØPE

### TRELAST

PÅ JØLSTER!

- \* Innvendig panel
- \* Golvbord
- \* Utvendig kleddning
- \* Plank
- \* Boks
- \* Lekter
- \* Listverk

Kvar dag  
kl. 07.00-15.30

I DI EIGA BYGD:

**JØLSTER BYGG AS**  
6840 VASSENDE I JØLSTER — TELEFON (057) 27415

VELKOMEN TIL GOD HANDEL  
I

NÆRBUTIKKEN — ÅLHUS  
telefon 27 888

#### OPNINGSTIDER:

måndag/tirsdag: 09.00-17.00  
onsdag/torsdag/fredag: 09.00-19.00  
laurdag: 09.00-13.00

Vi er så «liten» at vi kan yte  
personleg service — fleksibilitet.

Vi har eit miljø som du  
ofte saknar i dei store sentra!

Varesending kvar  
TORSDAG

# **Skatten din!**


**Med SMS reduserer du skatten din  
- samstundes som du sparar**

Alle under 34 år sparar dobbelt  
og får 30% av sparesummen i  
direkte frådrag på skatten

STIKK INNOM

ELLER

***har du råd  
til å la vere?***



## **OTTO DALE VVS**

6840 VASSENDE

TLF.: 27 197

MOBIL TLF.: 094 - 71 249



Omtrekking av  
møbler? Kontakt



TL. 27 612

**Det svingar**

PÅ SØRSIDA

**KR. MYKLEBUST**

MYKLEBOST — TLF. 27 673



N-6850 Skei i Jelster  
Tlf. 057-28 101 — Telex 40 531 skeho-n — Telefax 057-28 423

## **MEIR ENN 100 ÅR I REISELIVET SI TENESTE**

Vår tradisjonsrike familieverksemid følger med i tida, og er idag eit moderne og komfortabelt hotell med 140 sengar fordelt på 72 gode rom med bad/dusj/WC/tlf. Her er store salongareaal og spisesal med plass for inntil 300 personar. Dans til levande musikk, bar, folkedansframsynsing/folkemusikk kvar veke i sommarsesongen. Eigen kafé med plass til 130 gjester (mai-september). Fleire både større og mindre, godt utstyrtete møte- og kurslokale. Plenumssal med plass for inntil 250 personar. Aktivitetstrom, badstu, boblebad og solarium. Stort utandørs parkareaal med oppvarma symjebassend (mai-september) og tennisbane. Praktfull turterrenge, ørretfiske, båtar, syklar, hestar (ridesenter 5 km frå hotellet), breiflyging. Godt utgangspunkt for ein rekke turar med bil eller buss. Sommarsesong mai-september. Elles ope heile året for kurs, møter, konferansar og alle slags arrangement.

Vi ynskjer velkommen til eit hyggeleg opphold!  
**FAMILIEN SKREDE**



Kr. 25,-